



**Fjord**  
kommune

## **Informasjonsskriv – til deg som er tildelt parkeringsløyve for forflyttingshemma**

*(kopierte frå Statens Vegvesen sine retningslinjer)*

### **Innleiing**

Den som er innvilga parkeringsløyve for forflyttingshemma får også enkelte rettar og plikter ein må følge. Det blir lagt til grunn at innehavar eller ledsager/førar set seg grundig inn i desse.

### **Rettar**

Som innehavar av ein parkeringsløyve for forflyttingshemma oppnår ein følgjande rettar:

#### **1. Parkering på oppstillingsplass reservert for forflyttingshemma**

Desse plassane er skilta anten med skilt «552» som er ei blå plate med ein kvit P eller med skilt «1P» som er ei kvit plate med svart P – begge skilt må ha eit underskilt med rullestolsymbol. Dersom du skal betale avgift på ein slik plass vil det i tillegg stå «mot avgift» eller liknande på underskiltet. Dersom det ikkje gjer det, er det gratis å parkere på den reserverte plassen.

#### **2. Gratis parkering på kommunale avgiftsplassar**

På kommunale avgiftsplassar er det alltid gratis å parkere. Dette vil stort sett vere plassar skilta med skilt «552». (Blå plate med kvit P - som nemnt over). Dersom ein kommune driv eigne område som ligg utanfor offentleg ferdselsåre som er skilta med skilt 1P (kvit plate med svart P), så vil det også vere gratis å parkere med parkeringsløyvet.

Det skal alltid vere skilta dersom det er betalingsplikt for forflyttingshemma.

Dersom det er betalingsplikt, skal dette både vere skilta på informasjonsskilt plassert sentralt på området eller strekninga du parkerer på. Dersom informasjonsskiltet ikkje er lesbart frå bilen, skal det også vere skilta ved innkøyringa at avgiftsplikta også gjeld forflyttingshemma.

#### **3. Parkering i meir enn ordinær makstid**

I dag kan ein parkere dobbel tid på kommunale plassar der det er fastsett ei makstid på over 30 minutt eller meir dersom ein har ein parkeringsløyve for forflyttingshemma. Det vil seie at dersom det er skilta ei makstid på 1 time, kan ein med parkeringsløyve for forflyttingshemma parkere i 2 timar. Dersom makstida er under 30 minutt må dette følgjast uavhengig av om ein har løyve.

#### **4. Parkering i offentleg bustadsone**

Parkeringsløyve for forflyttingshemma gir også rett til å parkere på stader der det er innført kommunal bustadsoneparkering/buparkering. Parkeringsløyvet gir derimot ingen særrettar på private buparkeringar i burettslag, sameige o.l. som er regulert med private skilt.

Parkeringsløyvet gir heller ikkje rett til å parkere på plass som er reservert andre køyretøy, personar eller grupper.

Løyvet gir heller aldri rett til å fråvike trafikkreglane eller skiltregulering som viser stansforbod. Ein skal aldri parkere på fortau, i kryss eller liknande.

## Bruk av parkeringsløyvet og kontroll

### Parkeringsløyve for førar

Du som er innvilga parkeringsløyve som førar av motorvogn skal i all hovudsak vere den som køyrer motorvogna når den skal parkerast for at løyvet lovleg skal kunne nyttast.

Dersom du i enkelte tilfelle av særlege grunnar må køyrast av nokon andre, bør av- og påstigningsmoglegheit nært inngangen til bestemmelsesstaden fortrinnsvis nyttast, slik at føraren kan parkere bilen på ein ordinær parkeringsplass. På denne måten sikrar ein at funksjonsfriske ikkje opptar ein parkeringsplass for nokon som har behov for denne for å kome fram til sin destinasjon.

Av- og påstigning er tillate på alle ordinære parkeringsplassar, på område/strekning skilta med parkering forbode og på plass reservert for forflyttingshemma – utan bruk av parkeringsløyve for forflyttingshemma. Stansen skal vere kortast mogleg, slik at førar må flytte køyretøyet så snart som mogleg til ein lovleg plass. Dersom føraren må hjelpe deg ut av køyretøyet, vil også dette vere lov før vedkommande flyttar bilen til lovleg stad.

### Parkeringstillatelse for passasjer

Du som er innvilga parkeringsløyve som passasjer av motorvogn må sjølv vere med i motorvogna når denne skal parkerast. Alternativt er kravet at du må bli henta på parkeringsstaden for at løyvet skal kunne nyttast til parkering.

### Framlegging av parkeringsløyve

For å oppnå dei ovanfor nemnde rettane ved parkering må parkeringsløyvet plasserast godt synleg bak frontruta på motorvogna som blir nytta. Dette betyr at all informasjon på framsida enkelt skal kunne lesast gjennom frontruta. Parkeringsløyvet må ikkje plasserast i sidevindaugget. Framsida skal ligge opp, slik at kortnummer og utløpsdato kan lesast ved kontroll. Dette vil seie at sida med passfoto skal vere plassert ned.

### Parkeringshandheving og kontroll

Ein uniformert trafikkbetjent som kontrollerer parkeringsområdet du står parkert på har rett til å be deg vise fram parkeringsløyvet for kontroll. Betjenten kan undersøkje om løyvet er ditt og at den er gyldig. Dersom du ønskjer å forsikre deg om at trafikkbetjenten er tilsett i verksemda som kontrollerer området, kan du be trafikkbetjenten legitimere seg med tenestenummer. Alle betjentar skal bere legitimasjonskort ved kontroll, av dette skal verksemda sitt namn og betjenten sitt tenestenummer framgå. Betjenten må ikkje oppgi namnet sitt.

## Informasjonsplikt ved endra forhold

Dersom det oppstår endra forhold som kan påverke din rett til å ha parkeringsløyve, pliktar du å informere kommunen om dette. Dette gjeld både endringar i bustad, arbeidsstad, behandlingsstad og

liknande samt endringar i forflyttingsevna. HC-registeret vil automatisk gi melding til kommunen dersom du flyttar til ein annan kommune, sidan dette er kopla til Folkeregisteret.

Dersom du går over til å vere passasjer i staden for førar må du også gi informasjon om dette, slik at kommunen kan vurdere om tilleggsvilkåret for å ha parkeringsløyve som passasjer er oppfylt. Det same gjeld dersom du går til å vere førar i staden for passasjer, og ved andre endra forhold.

## Misbruk – inndraging og politimelding

Som nemnt over kan ein berre nytte løyvet som førar dersom ein sjølv køyrer, eller om ein unntaksvis blir transportert og sjølv er til stades. Løyve som er tildelt passasjer er berre gyldig dersom innehavar er med i køyretøyet. Ein kan aldri låne bort løyvet til nokon andre – sjølv om dei skal utføre ærend for deg. **Parkeringsløyvet er strengt personleg.**

Det kan vere lurt å informere familiemedlemmer om at parkeringsløyvet ikkje kan nyttast når du ikkje er med i motorvogna. Slik bruk av parkeringsløyvet kan føre til inndraging av løyvet, og også politimelding. Misbruk av parkeringsløyvet kan vere straffbart som bedrageri og/eller dokumentforfalsking.

## Parkeringsløyvet kan ikkje endrast av innehavaren

Det er også viktig å merke seg at det ikkje er tillate å påføre eigen informasjon på parkeringsløyvet eller skrive over/endre informasjon, f.eks. gyldigheitsdatoen. Dette gjeld også i påvente av svar på søknad om ny parkeringsløyve etter at den førre har utløpt. Endring av løyvet kan reknast som dokumentforfalsking og kan bli meldt av kommunen.

## Kopi av parkeringsløyvet er ikkje gyldig for parkering

Det nemnast for ordens skuld at det heller ikkje er tillate å kopiere parkeringsløyvet til bruk ved parkering. Søkjaren må sjølv finne løysingar for parkering dersom ein for eksempel har fleire køyretøy og ikkje vil flytte løyvet over i andre køyretøy.

### **Det er ikkje mogleg å få tildelt duplikat av parkeringsløyvet.**

Det er heller ikkje moglegheit for å få tildelt duplikat av parkeringsløyvet. Det blir utsteda eit kort, anten som førar eller passasjer.

## Register over parkeringsløyve for forflyttingshemma

Alle gyldige løyver skal registrerast i eit nasjonalt register over parkeringsløyver for forflyttingshemma. Dette kallast HC-registeret og blir drifta av Statens vegvesen. Registeret er tilgjengeleg for personar som har tilgang på vegner av kommunen på [www.vegvesen.no](http://www.vegvesen.no).

Registeret inneheld kortnummer på løyvet med kommunekode, namn, løpenummer, fødsels- og personnummer og kjønn. Vidare står det om løyvet er utsteda til førar eller passasjer, samt kor lenge løyvet er gyldig.

Dersom eit parkeringsløyve blir mista, stole, forfalska eller inndratt vil løyvet bli merka ugyldig i registeret. Ved kontroll i samband med parkering vil trafikkbetjentane kunne søkje på kortnummeret og få informasjon om løyvet er gyldig eller ikkje. Dei får for øvrig aldri informasjon om helseopplysningar eller annan sensitiv informasjon.

## Søknad om nytt parkeringsløyve

Dersom du framleis vil ha eit særskilt behov for parkeringslette også etter at løyvet går ut, må du søkje på nytt. Du bør søkje i god tid, slik at du ikkje risikerer å måtte vere utan kort. Kommunen har ikkje høve til å utstede mellombels parkeringsløyve under ventetida og kan heller ikkje forlengje gyldighetstida på det eksisterande parkeringsløyvet.

Det anbefalast også å ta høgde for ei eventuell klagehandsaming for det tilfelle at forholda skulle ha endra seg på ein slik måte at du får avslag på din søknad. Det anbefalast at du derfor søker om nytt parkeringsløyve allereie 3 månader før parkeringsløyvet går ut. Det blir ikkje sendt ut varsel frå kommunen om at parkeringsløyvet snart går ut, du må sjølv følgje med på utløpsdatoen.

Det finst inga løysing for «fornyng» eller «forlenging» av parkeringsløyvet. Det er ingen automatikk i å få tildelt løyve på nytt. Kommunen gjer alltid ei heilt ny vurdering av den nye søknaden, der alle vilkår må vere oppfylt og grunnlaget dokumenterast på nytt.